



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Livsløpsutvalet	10.09.2024	046/24
Giske kommunestyre	26.09.2024	084/24

Forskrift for skulefritidsordninga i Giske kommune Forskrift for SFO

Innstilling:

Giske kommune vedtek ny forskrift for SFO og gjer den gjeldande frå og med 01.08.2025.

26.09.2024 Giske kommunestyre

Tilrådinga frå Livsløpsutvalet vart samrøystes godkjend.

K - 084/24 Vedtak:

Giske kommune vedtek ny forskrift for SFO og gjer den gjeldande frå og med 01.08.2025.
Forfallsdato skal vere den 16. kvar måned jf. § 8

10.09.2024 Livsløpsutvalet

Jf. § 8 bør forfallsdato endras til den 16. i kvar måned, slik dages praksis er.

Tilleggsforslag til innstillinga frå livsløpsutvalet: "*Giske kommune vedtek ny forskrift for SFO og gjer den gjeldande frå og med 01.08.2025. Forfallsdato skal vere den 16. kvar måned i jf. § 8.*"

Innstillinga med tilleggsforslag frå livsløpsutvalet vert samrøystes godkjend.

LU - 046/24 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommune vedtek ny forskrift for SFO og gjer den gjeldande frå og med 01.08.2025.
Forfallsdato skal vere den 16. kvar måned jf. § 8.

Vedlegg

Høyringsuttale for forskrift for dei kommunale skolefritidsordningane

Høyringsuttale - Forskrift SFO - frå SU Valderøy barneskule

Høyringsuttale - Forskrift opplæringslov, SFO og fråværsreglar - frå FAU-leiar Giske skule

Høyringsuttale - Forskrift SFO - innspel frå FAU- leiar og nestleiar Valderøy barneskule

Høyringsuttale - Forskrift skulereglar, fråvær og SFO - frå personalet Giske skule

Forskrift for SFO i Giske kommune per 01.08.25

Innleiing:

I tråd med opplæringslova §4-5 skal kommunen ha eit tilbod om SFO (Skulefritidsordning) før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn.

Kommunen skal også ha eit tilbod for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn.

Det er ikkje lovkrav om at det skal vere SFO ved alle skular.

Det er heller ikkje lovkrav om at kommunen skal tilby SFO i skuleferiane.

Saksutgreiing:

Formannskapet sendte Forskrift for skulefritidsordninga i Giske kommune til offentleg høyring 06.05.2024.

Livsløpsutvalet valgte einstemmig i møte 30.05.24 å utsetje saka, og å gje forlenga høyringsfrist. Dette vart gjort.

Høyringsinnspel:

Det er innspel om at det kan vere utfordrande med tanke på personalsituasjonen og også for reinhald om delar av kjernetida blir lagt til morgonen.

Det er også innspel knytt til at delar av kjernetid om morgonen blir foreslått for at fleire skal måtte betale for SFO-plass.

Videre er det Innspel om at den opprinnelege høyringsfristen vart for kort.

Det er stilt spørsmål til bot for forsinka henting, med innspel om merknadssystem før bot.

Det er også ønska kommuniserte kriterier for kva som kan utløyse ekstra personell for enkeltelevar.

Innspel om § 15 om at det er foreldre sitt ansvar å hente og å bringe barn til og frå SFO, om den inneber at barn ikkje kan gå til og frå SFO sjølv.

Det er vidare innspel om at opningstidene bør vere like for alle skulane.

Endringane oppsummerer seg slik:

Gratis kjernetid skal tilsvare 12 timar fordelt på 5 dagar og vere plassert etter undervisningsslutt.

Opningstid for SFO vil vere 07.30-16.30

Føresette søker om plass 10 mnd, tilsvarende skuleåret, eller 11 månader med tilbod haustferie og vinterferie, samt vekene før og etter skuleslutt.

Barn med særskildte behov på 1.-7. trinn blir saman med dei yngste barna prioriterte ved opptak.

Henting etter stengetid utløyser ein kostnad for føresette, som er meint å kompensere for utgifter til overtid for personalet.

Heimelsgrunnlaget:

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa jf. ny opplæringslov 2024 § 4-5, §§ 12-1, 17-11, 27-2 og § 10-8

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer å prioritere kvaliteten i SFO gjennom å redusere åpningstida noko og gjennom å samle tilbodet på enkeltskular i skuleferiane.

Det er ikkje krav om å ha SFO-tilbod i skuleferiane og det vil vere betre ressursutnytting å samle tilbodet på ein skule i skulefrie periodar.

Erfaringane viser at relativt få elevar nyttar seg av SFO-tilbodet i skuleferiane, noko som gjer ressursprioriteringa utfordrande for rektorar og SFO-leiarar. På dei minste skulane kan det vere så få som 1-5 barn på SFO i skuleferiane. Eigen søknad om 11. månad i SFO gjer at ein kan planlegge tilbodet betre for dei skulefrie periodane.

Ved å ha opningstid frå 07:30 til 16.30 reduserer vi bemanninga med 30 minutt kvar dag.

Dette gjer at fleire vaksne er til stades i kjernetida.

Tenestetilbodet vil vere meir føreseieleg med valget om å kjøpe 10 og 11 månader med plass i SFO.

Tilbodet om gratis kjernetid i SFO har medført stor auke i tal på barn i SFO. Det er no totalt 335 barn i SFO, der 139 barn berre nyttar den gratis kjernetida.

Tidlegare år har det vore + - 250 barn i SFO.

Høyringsfristen vart utvida etter instillinga frå Livsløpsutvalet.

For sein henting utløyser ekstra lønnskostnad både ved 1. og 3. gangs overtid for personalet og vert difor automatisk utløyst ved henting etter stengetid.

§ 15 er ikkje forstått som at barn ikkje kan gå til og frå SFO sjølv, men det inneber at det er føresette sitt ansvar å vurdere om barnet kan gå heim på eiga hand.

Det er vurdert at opningstida kan vere tilpassa oppstart og slutt på undervisningstida, og at opningstid i tal på timar skal vere lik.

Økonomiske konsekvensar:

Gratis kjernetid gir stor auke i talet på barn i SFO-ordningane våre og vi ser at kjernetida er tilstrekkeleg for mange familiar, ved at arbeidslivet er meir fleksibelt.

Dette påverkar inntektsgrunnlaget og skaper utfordringar knytt til areal, personell og kostnader i SFO.

Tilknytning til kommuneplanen:

God kvalitet i SFO er forstått som ein beskyttelsesfaktor mot utanforskap.

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA	Samarbeid mellom skulane for meir effektiv SFO-drift
	GOD UTDANNING	God kvalitet i SFO

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår dei reviderte forskriftene i SFO med endringar

Kommunedirektøren foreslår at Forskrifta blir gjort gjeldande frå og med 1.08.2025 då opptak for dette skuleåret er gjennomført.

